

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 Valestrandfossen

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 22/1119 - 22/12419

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
11.02.2022

## **Uttale frå Landbruk - Søknad om bruksendring GBNR 125/11 Kjeilen indre**

Landbruksavdelinga er bedt om uttale i høve søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring av eksisterande løe til heilårsbustad.

Areala på bruket er i dag pakta bort som beite for sau. Søkar oppgjev at dei ønsker at denne avtalen skal halde fram, men at det òg kan bli aktuelt å starte opp eigen drift med villsau. Eigedommen har 11,8 daa fulldyrka jord og 14 daa overflatedyrka jord. Slåtteareala er relativt små og därleg arrondert og vert i dag brukt som beite. Beiteressursane på garden er betydelege, og består av 52,1 daa innmarksbeite, 52,4 daa jorddekt fastmark 13,3 daa skrinn fastmark og 20 daa myr utan skog. Ut frå flyfoto ser det ut som areala som er klassifisert som jorddekt fastmark og skrinn fastmark har preg av kystlynghei. Dette er del av eit større område med kystlynghei på Keila, jf. kartlegging av kystlynghei i Hordaland i 2012.

Det er landbruksavdelinga si vurdering at eigedommen er godt eigna til beite for sau og til tradisjonell villsaudrift. Ved drift med sau på utegang skal dyra ha fri tilgang på liggeområde som gjev livd mot vind og nedbør, Jf. Forskrift om velferd for småfe § 17. Ein driftsbygning som skal gje livd for sauen må ligge i umiddelbar tilknytning til beiteområda. Dagens driftsbygning er skilt frå beiteområde av vei. Det er mogleg å legge til rette for at sauen kan krysse vegen for å komme til beitet, men dette vil vere ei därleg løysing når sauen skal ha fri tilgang til driftsbygningen. Etter det søkerane oppgir er driftsbygningen heller ikkje egna til den bruken dei planlegg. Jorda som ligg rundt dagens driftsbygning er klassifisert som fulldyrka- og overflatedyrka jord. Sjølv om området vert brukt som beite i dag kan det tenkast at det kan vere aktuelt å ta i bruk dette som slåtteareal igjen. I så fall vil avstanden mellom driftsbygningen og beitet vere så stor at det er umogleg å la sauen ha fri tilgang til driftsbygningen. Landbruksavdelinga vurderer at plassering av ny driftsbygning på 125/7 vil vere meir hensiktsmessig med tanke på den planlagte driftsformen. Ein driftsbygning tilpassa sau på utegang vil vere fornuftig ut frå ressursgrunnlaget på garden og kan såleis vere med på å sikre drift på bruket i framtida. Når den gamle driftsbygninga ikkje er egna til den drifta drivarane planlegg meiner landbruksavdelinga det er fornuftig at denne kan gjenbrukast som våningshus, heller enn å bli ståande til forfall.

Landbruksavdelinga vil rá til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring av eksisterande løe til heilårsbustad på vilkår av at det vert oppført ny driftsbygning på 125/7.

Med vennleg helsing

## Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

## Marie Victoria Rekdal Skogrand Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug

## Mottakrar:

Mettakarant  
Arkoconsult AS

Postboks 103

5291 Valestrandsfossen